



Alver kommune - byggesak

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/9826 - 20/32625

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@alver.kommune.no

Dato:

04.06.2020

Søknad om etablering av jordtipp/planeringsfelt gbnr 143/1 Håland - uttale kultur

Viser til førespurnad om uttale frå kultur til søknad om etablering av to jordtippar/planeringsfelt på gbnr 143/1 Håland.

Garden ligg øvst på Håland med flott utsyn over den indre farleia. Kulturlandskapet er vakkert med murar, steinhus og grønne marker. Av kulturminne merkar me oss særleg det gamle våningshuset. Bygget er ei lemstove som er Sefrak-registrert (det finst foto frå registreringa), men dette er ikkje markert i kartet og skjemaet manglar også i databasen over Sefrak-skjema. Eigar meiner huset er over 200 år og i *Norske Gardsbruk*, som kom ut på 1960-talet, står det at det er gammalt. Ut frå byggjemåten er det ikkje utenkjeleg at våningshuset er frå første halvdel av 1800-talet. Huset har ein flott vernemur i sør som var typisk for lemstovene i vårt distrikt, men huset er uvanleg langt. Våningshuset har høg kulturminneverdi.

Dei planlagte jordtippene/planeringsfelta råkar i utgangspunktet ikkje ved nokon av desse kulturminna, med unntak av ein bakkemur som vil gå med ved fylling av felt 1. Då tiltaket er såpass viktig for å letta drifta av garden meiner me at dette er eit akseptabelt tap. Det er viktig at andre steinmurar, både langs vegen og grensegardar, og bygningar ikkje vert råka av tiltaket eller køyring til og frå felta.

Området ligg i omsynssone for den indre farleia i *Kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen 2019-2031*. Vår vurdering er at tiltaket ikkje råkar ved kvalitetane i denne omsynssona i vesentleg grad.

Eg kan ikkje sjå at det planlagte tiltaket har konsekvensar for etablerte stiar eller tilgangen til område for friluftsliv.

Med helsing
Alver kommune, Kultur

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar
Kultur

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Anne Lise Molvik

Mottakarar:

Alver kommune - byggesak